



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Vår ref.:  
08/2520-8  
Løpenr.:  
2000/09

Saksbehandler:  
Pål Julius Skogholt  
Tlf. dir.innvalg:  
77 78 80 13

Arkiv:  
A50 SAKSARKIV  
Deres ref.:

Dato:  
27.01.2009

## **NOU 2008:18 FAGOPPLÆRING FOR FRAMTIDA - INNSTILLING FRÅ KARLSENUTVALGET - HØRINGSUTTALE FRÅ TROMS FYLKESKOMMUNE**

### **Vurderingar og innspel til utvalet si innstilling frå Troms fylkeskommune**

Troms fylkeskommune ser utgreiinga som eit viktig grunnlag for vidareutvikling av fag- og yrkesopplæringa i Norge. Arbeidet er med på å sette fokus på fag- og yrkesopplæringa, som til dels har vore lite synleg i utdanningssystemet.

I vurderingane er det tatt omsyn til råd og innspel frå Yrkesopplæringsnemnda i Troms, vidaregåande skolar og opplæringskontor og –ringar i Troms.

Mykje av analysen til utvalet fell saman med vurderingane i OECD-rapporten om fagopplæringa i Norge som kom på same tid som NOU-en. OECD-rapporten peikar mellom anna på behov for betring når det gjeld gjennomføring, kvalitetssikringssystem og system for kvalifisering av instruktørar og lærarar, og dette fell godt saman med Karlsenutvalet.

Utvalet har prøvd å sjå på alle sider av fag- og yrkesopplæringa i lys av samfunnet og næringslivet sine framtidige behov. Troms fylkeskommune sluttar seg til synspunkta til Karlsenutvalet når det gjeld utviklingstrekk og utfordringar for fag- og yrkesopplæringa, men er einig med Yrkesopplæringsnemnda, som saknar vurderingar og refleksjon rundt effekten av konjunktursvingingar. I ei opplæring der store deler er tenkt å føregå i bedrift, må ein ha beredskap for å kunne motvirke desse utfordringane med svingingar, som ein ser både i oppgangs- og nedgangstider.

For næringslivet er tilgang til kompetent arbeidskraft i distrikta ei utfordring. Erfaring viser at det er enklare å lære opp og rekruttere fagarbeidarar som har budd i heimkommunen under heile studieløpet, enn å hente dei heim etter at det har gjennomført opplæring i sentrale strom. Dette gjeld særleg innan kvinnedominerte fagområde. Samstundes kan svært små tilbod gå på bekostning av kvaliteten i opplæringa. Desentralisering er derfor svært viktig for næringslivet sin tilgang på kompetanse i distrikta, og mulighetene for etter- og vidareutdanning. Likevel har desse problemstillingane fått lite merksemd i meldinga.

---

**Besøksadresse**

Strandveien 13

**Postadresse**

Postboks 6600, 9296 Tromsø

**Telefon**

77 60 54 00

**Epost mottak**

troms@tromsfylke.no

**Telefaks**

77 78 80 01

**Bankgiro**

4700 04 00064

**Internettadresse**

www.tromsfylke.no

**Org.nr.**

NO 864 870 732

Det er ikkje gjort inngåande økonomiske vurderingar av- eller prioriteringar mellom dei mange tiltaka i NOU-en. Mange av tiltaka er allereie forsøkt i ulike fylkeskommunar, men må avsluttast på grunn av det ikkje er ressursar til å vidareføre dei innanfor budsjetta til fylkeskommunane. Det er uheldig dersom det blir store regionale forskjellar ut frå kva den enkelte fylkeskommunen kan tilby. Sjølv om ein del av tiltaka kan gjennomførast utan økonomiske konsekvensar, vil dei fleste av tiltaka føre til auka utgifter for fylkeskommunane. Troms fylkeskommune føreset at det blir gjort realistiske og grundige vurderingar av økonomiske ressursar og løyvd ekstra ressursar til tiltak som blir prioriterte. Fleire tiltak vil kunne gjennomførast dersom ein deler i ting som må gjerast snart, og ting som kan prioriterast på sikt.

***Troms fylkeskommune vil i første rekke prioritere tiltak for at fleire skal gjennomføre vidaregåande opplæring.***

Utgreiinga handsamar i liten grad muligheter for ressurssterke elevar. Per i dag har elevar høve til å forsere utdanninga – ta emne frå høgre nivå – innan fellesfaga. Det burde og ligge slike muligheter for yrkesfaga. Enkelte elevar har deltidsjobbar mens dei går på skolen innanfor det faget dei etterkvart vel. Dersom dei har opparbeidd seg kompetanse innanfor læreplanmåla, burde det kunne anerkjennast. Det siste bør ein sjå i samanheng med forslaget om å kunne realkompetansevurdere ungdom. Dette handlar om å gi yrkesfaga den statusen dei fortener, og i større grad gi like muligheter innan yrkesfaga som i studiespesialiserande fag.

TAF-modellen (teknisk allmennfag) er eit konkret døme på eit tilbod til ressurssterke, motiverte elevar. Troms fylkeskommune meiner at TAF-modellen nå må inn i den ordinære strukturen og ikkje kan halde fram med å vere ei forsøksordning som det har vore i nærmare 20 år. Dette kan og vere eit godt alternativ til at alle skal vere generelt studieførebuide.

Departementet har i høyringsbrevet spesielt bedt om vurdering og innspel på ein del område og tiltak:

***1) Betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring jf. utgreiinga avsnitt 6.3***

- *Forsøk med bruk av insentiv i fylkeskommunen for å auke gjennomføringa*

Svært mange faktorar ligg til grunn for låg gjennomføring, jf. St. meld. 16 (2006-2007) ...Og ingen sto igjen. Mange tiltak er gjennomført og sette i gang no, men ein manglar først og fremst kompetanse om effekten av dei ulike tiltaka.

Troms fylkeskommune vurderer derfor ikkje forsøk med bruk av insentiv i fylkeskommunen som eit tiltak som bør prioriterast. Fylkeskommunen vil gå imot – som eit eventuelt resultat av dette – å bruke gjennomføringsresultat som grunnlag for fordeling av midlar mellom fylka.

Dersom ein skal gå i gang med forsøk med bruk av insentiv, er det viktig at ein vurderer grunnlag og kriterie nøye. Kva er til dømes gjennomføring? Ut frå læreplanar generelle læreplanar eller dei individuelle måla? Skal insentiva leggest i sluttfasen – altså lærebedrift sidan der er der dei oppnår den endelege sluttkompetansen?

- *Yrkesretting, særlig framlegga om at læreplanane i fellesfaga gjennomgåast slik at læreplanmåla eignar seg for yrkesretting og utarbeiding av forpliktande rettleiingar for yrkesretting*

Troms fylkeskommune ser det som særst viktig at blir stilt klare krav til yrkesretting av fellesfaga. Erfaringane frå tidlegare viser at det er behov for å utvikle pedagogisk verktøy og styrke lærarane sin kompetanse på dette feltet for å få det til i praksis. Grunnlaget for yrkesretting ligg i læreplanane, og Troms fylkeskommune støtter forslaget om at læreplanane må gjennomgåast og endrast slik at krav om å gjere lærestoffet praksisrelevant blir tydeleg i læreplanane. Vurdering og eksamen styrer læringa, og det må derfor leggast vekt på at også vurdering og eksamen blir yrkesretta.

Yrkesretting legg føringar i høve til korleis ein skal skape gode overgangar til høgre utdanning, jf. pkt 3 (kap. 6.4 i utgreiinga).

- *Fylkeskommunens plikt til å tilby plassar til alle søkarar til helse- og sosialfag*

Dette er ikkje eit problem per i dag, der den største utfordringa er rekruttering til helse- og sosialfag. Ein av skulane våre peiker på at plassar til alle kan få negative konsekvensar for kvaliteten på ei så viktig arbeidsgruppe som helse- og sosialarbeidarar, men denne utfordringa må møtast med andre tiltak. Troms fylkeskommune har allereie fatta vedtak om å ta inn alle søkjarar, og ser ikkje behov for ei sentral definert plikt til dette.

Kapasiteten må generelt vere tilpassa tilgangen på læreplassar i arbeidslivet. Troms fylkeskommune støtter derfor forslaga som gjeld strategi for offentlege læreplassar og pålegg om at helseføretaka skal ta inn lærlingar.

- *Justering av lærlingtilskottet*

Lærlingtilskottet bør justerast slik at det følgjer kostnaden for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram i vidaregåande skole. Troms fylkeskommune støtter ikkje forslaget om differensiering av tilskottet mellom ulike fag. Ei slik ordning vil vere administrativt krevjande, og synest i liten grad å vere grunna i bedriftene sine behov. Det er ikkje klart at det er store skilnader i høve til det å ha lærling frå bedrift til bedrift, sidan opplæringa tar utgangspunkt i det utstyret bedrifta har for sin produksjon.

Justeringane vil vere kostnadskrevjande og må følgjast opp med tilsvarande auka rammer til fylkeskommunane.

- *Ekstra tilskott til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt med elevar med spesielle oppfølgingsbehov*

Det er behov for ekstra tilretteleggingstilskott til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt med søkjarar med spesielle oppfølgingsbehov. Ein del fylke har prøvd ut kompensasjons- og stimuleringsordningar, og dei ser ut til å ha lukkast i å få fleire lærekandidatar.

- *Alle elevar som ikkje får læreplass får rett til to års yrkesfagleg opplæring*

Alternativ fagopplæring er i dag eit lite attraktivt tilbod for dei som ikkje får læreplass, og gjennomføringa er dårleg. For mange vil det ikkje vere attraktivt med to års alternativ opplæring, men lengre tid ville truleg gjere at fleire av dei som tar imot tilbodet oppnår sluttkompetanse. Det må i så fall stillast krav om praksisnær opplæring.

- *Dagens rådgivingsressurs doblast*

Troms fylkeskommune er samd i at det er viktig å styrke rådgjevinga, men arbeidet kan organiserast på fleire måtar, og det vil vere uheldig å definere det på denne måten. Her må det vere rom for regionale tilpassingar i kvar fylkeskommune.

- *Oppretting av nasjonalt senter for karriererettleiing*

Dei fleste fylka arbeider med å opprette regionale strukturar og senter for karriererettleiing. Dei store ressursane bør leggast ut i fylka slik at ein kan drive rettleiinga ute.

Fylkeskommunen ser behov for fagleg støtte, nettverksbygging og kompetanseheving innanfor feltet på nasjonalt nivå – spesielt no i oppbyggingsfasen. Då krevst det ei praksisnær tilnærming og sentral oppfølging av felles erfaringar og utfordringar.

Troms fylkeskommune meiner at dette ikkje bør ivaretakast med oppretting av eit nytt nasjonalt senter, men at eit eksisterande organ, til dømes vox, burde få ansvar for den fagleg oppfølginga.

## **2) Utbygging av fagskoleutdanning som ein karriereveg for fagarbeidarar jf. utgreiinga avsnitt 6.4**

- *Satsing på fagskoleutdanninga og organiseringa av denne*
- *Økt offentleg finansiering av fagskoleutdanninga*

Ei reell anerkjenning av yrkesfaga inneber at det må vere moglegheiter for vidareutdanning innan faga. Dette er også viktig for rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa. Fagskoletilbod må utviklast på fleire område.

Statleg finansiering er ein føresetnad for å kunne utvikle fagskoleutdanninga.

Vi viser elles til uttale frå Rådet for fylkeskommunale fagskoler for meir detaljert vurdering av NOU-en.

## **3) Tiltak for å betre overgangar frå fag- og yrkesopplæringa til fagskoleutdanning og høgare utdanning jf. utgreiinga avsnitt 6.4**

- *Utbygging av Y- vegen til fleire fagområde*

På bakgrunn av dei positive resultatata frå forsøka, bør Y-vegen kunne byggast ut på dei aller fleste områda. Dette vil gjere at ein med fagbrev har heilt andre vidareutdanningsalternativ enn det vi har i dag, og vil truleg styrke rekrutteringa innan mange fag.

- *Sette ned aldersgrensa for realkompetansevurdering*

På same måten som "Ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter paragrafen her kan, etter søknad og når det ligg føre særlege grunnar, i staden få vidaregåande opplæring etter §4A-3" bør ungdom også kunne bli omfatta av retten til realkompetansevurdering dersom det er grunnlag for det.

- *Alle som har fullført vidaregåande er generelt studieførebudde uavhengig av utdanningsprogram*

Val av fag- og yrkesopplæringa må ikkje føre til at ein lukker dørene for vidare utdanning, og Troms fylkeskommune er opptatt av at ein får til gode og fleksible overgangar mellom vidaregåande opplæring og universitet og høgskolar. Utbygging av Y-vegen vil gjere vere eit godt tiltak for å få til det. Utbygging av fagskoleutdanningane som gir utteljing ved høgre utdanning kan vere eit anna.

Dersom alle er generelt studieførebudde etter fullført 3-årig vidaregåande opplæring, er det grunn til å tru at fleire studie blir lukka og at ein stiller krav til spesiell studiekompetanse. Etter fullført og bestått fagbrev har ein reelt langt mindre opplæring og "trening" i teorifaga enn etter fullført studiespesialiserande utdanningsprogram, og det kan vere vanskeleg å fullføre eit akademisk studium.

Innanfor vidaregåande opplæring vil ei slik endring over tid føre til ei endring og ytterlegare teoretisering av yrkesfaga. Det vil svekke dei praktiske faga, og mest sannsynlig føre til at fleire fell frå.

Troms fylkeskommune støtter på bakgrunn av dette ikkje forslaget om at alle som har fullført vidaregåande opplæring skal vere generelt studieførebudde. Dersom ein likevel går inn for denne endringa, meiner Troms at det må leggest til rette forkurs eller andre tilretteleggingar for studie etter behov.

- *Rett til å ta kurs i fellesfag etter oppnådd fagbrev*

Dersom ikkje forslaget om at alle som har fullført og bestått vidaregåande opplæring er generelt studieførebudde går gjennom, støtter Troms fylkeskommune forslaget om rett til å ta kurs i fellesfag etter oppnådd fagbrev. Dette er viktig for rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa, og for at elevane skal velje å fullføre yrkeskompetansen. Tiltaket vil ha økonomiske konsekvensar som må kompenseras over fylkeskommunane sine rammer.

#### **4) Tiltak for å få fleire vaksne med yrkeskompetanse jf. utgreiinga avsnitt 6.5**

- *Motivasjonsordningar*
- *Ordningar for finansiering av livsopphald for vaksne*
- *Nasjonale prinsipp for realkompetansevurdering av vaksne som ønskjer å ta vidaregåande opplæring*

Manglande finansiering av livsopphald for vaksne er ei stor hindring for mange vaksne som ønskjer å ta vidaregåande opplæring. Vaksne sine rettar er generelt for dårlig kjent, og det behov for både informasjon og motivasjonsordningar for å få fleire vaksne til å ta opplæring.

Det er behov for å styrke ramma for vaksenopplæring.

Realkompetansevurdering har vore utvikla over fleire år ut frå prinsippet om å la tusen blomster blomstre. Det har utvikla seg ulik praksis frå fylke til fylke, samtidig som at det er flyt av vaksne mellom fylka – spesielt i fag- og yrkesopplæringa. Det er behov for nasjonale prinsipp slik at ikkje vaksne kan få totalt ulik vurdering i eitt fylke i høve til eit anna, slik det no er. Metodar og organisering må vere opp til fylka å bestemme. Det er stor nytte av nasjonalt nettverk og den faglege oppfølginga som vox har gitt. Vi føreset at ein også framover bygger på nasjonalt fagleg nettverk for erfaringsutveksling og få fram utfordringar på tvers.

Realkompetansevurdering må og systematiserast og utviklast mot læreplanane for opplæring i bedrift.

**5) Tiltak for å betre kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa jf. utgreiinga avsnitt 6.6**  
**Utvalts prioritering av innsatsområde og vidareutvikling av eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem**

- *Bruk av tilsyn som grunnlag for kvalitetssikring av fag- og yrkesopplæringa*
- *Styrking av kompetansen om fag- og yrkesopplæringa hos Fylkesmannen*

Kontroll og tilsyn betrar ikkje i seg sjølv kvaliteten i opplæringa. Troms fylkeskommune vurderer det som viktigare å styrke oppfølging og rettleiing for lærebedrifter og styrke kompetansen på dette området.

Fylkesmannen må styrke kompetansen på fag- og yrkesopplæringa dersom han skal føre tilsyn på denne delen av opplæringa.

**6) Tiltak for rekruttering av yrkesfaglærarar jf. utgreiinga avsnitt 6.7**

- *Oppretting av bachelor- og masterstudium for yrkesfaglærarar i alle utdanningsprogram*

Det er viktig at også yrkesfaglærarar får tilbod om høgre studie som har relevans for faget deira. Dei har gjerne dei største pedagogiske utfordringane i høve til elevane. Utdanninga må kunne takast i tilknytning til jobben for dei som ønskjer det.

Muligheiter for kompetanseheving gjennom hospitering ute i bedrift etter nokre år i skolen, kan også vere eit aktuelt rekrutteringstiltak.

- *Tydelegare ansvar for fylkeskommunen for å tilby etterutdanning og læraranes plikt for å delta*

Skoleeigars ansvar er alt presisert i opplæringslova §10-8. Økonomiske rammer er ein føresetnad for ta eit tydeleg ansvar for etterutdanning av yrkesfaglærarar.

- *Krava til rettleiingskompetanse hos instruktørane styrkast*

Troms fylkeskommune er samde i å forslaget om å styrke rettleiingskompetansen hos instruktørane. Til no har Yrkesopplæringsnemnda stilt krav om rettleiingskompetanse for faglege leiarar for at dei skal få permanent godkjenning. Det har ikkje vore stilt krav til instruktørar, og vi må peike på at det er svært mange og skiftande instruktørar knytte til fagopplæringa, slik at formelle krav kan bli vanskelege å følgje opp. Temaet er sentralt for Yrkesopplæringsnemnda og fylkeskommunen sitt kvalitetsutviklingsarbeid.

Opplæring i praksisfeltet i dagleg produksjon er forskjellig frå skolesituasjonen. Det er stor mangel på rettleiingsmateriell for instruktørar og faglege leiarar, og vi beklager sterkt at ikkje Utdanningsdirektoratet på oppdrag har klart å gjennomføre arbeidet med å utvikle materiell til instruktørar og faglege leiarar i bedrift.

Troms fylkeskommune meiner det er behov for å definere felles/ nasjonale kompetansemål for opplæring av instruktørar og faglege leiarar, ettersom lærlingar flyt mellom fylka.

For den meir fagleg-pedagogiske utviklinga, ser vi stor nytte av å samle lærarar og dei som arbeider med opplæring i bedriftene på felles arena. Her må fylkeskommunane få midlar lagt til ramma og ha metode og organiseringsfridom.

- *Stipendordningar og lønskompensasjonsordningar*

Slike ordningar er viktige for å kunne drive etter og vidareutdanning. For å kunne styrke dette, må det tilførast midlar til fylkeskommunen.

- *Hospitering for personale i skole og arbeidsliv*

Gjensidig hospitering i skole og arbeidsliv er gode tiltak som alt er tatt i bruk nokre stader, men det krevst midlar for å få gjennomført dei.

### **7) Meir forskning og dokumentasjon på fag- og yrkesopplæringa jf. utgreiinga avsnitt 6.8**

*Etablering av eitt eller fleire forskningssenter for forskning på fag- og yrkesopplæringa og organiseringa av dette.*

Det er eit dokumentert behov for forskning på fag- og yrkesopplæring. Etter Troms fylkeskommune si vurdering, bør eksisterande fagmiljø styrkast. Det er ikkje behov for fleire institusjonar, men å styrke forskinga og samarbeidet mellom dei eksisterande fagmiljøa. Dette kan til dømes gjerast på same måten som ein har gjort på andre område (Forskningsrådet), der ein har finansierte større, langsiktige program som mange institusjonar deltar i. Også her er det viktig at forskinga er praksisnær.


### **8) Meir internasjonalisering jf. utgreiinga avsnitt 6.9**

- *Styrke den norske deltakinga i internasjonale undersøkingar og internasjonalt samarbeid*
- *Etablering av tilskottsordningar for hospiteringar i utlandet for elevar og lærlingar, lærarar og instruktørar*

Andre kulepunkt er heilt sentralt for å oppnå større deltaking i EU-program og andre internasjonale program. Slike ordningar må vere enkle og ubyråkratiske.

I tillegg til dei konkrete punkta departementet har bedt om innspel til, vil Troms fylkeskommune spesielt framheve viktigheita av tiltaka i kap 6.2 Raskere omstilling i utdanningssystemet. Rask omstilling av fag- og yrkesopplæringa og god kjennskap og kontakt med fagmiljøa er avgjerande for å få ei meir dynamisk og kontinuerlig utvikling av ei fagopplæring for framtida, og forslaga til tiltak i strekpunkta 1,2,4 og 5 i kapittel 6.2.3 vil vere gode virkemiddel.

Med vennlig hilsen



Pål Julius Skogholt  
Fylkesråd for utdanning og helse